

Alver kommune  
Laila Bjørge  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: 23/3928 - 23/40478  
Vår: 23/678 - 23/5058

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
31.05.2023

## Løyve til konsesjon til kjøp av gbnr 160/3 og 160/39 - Rebnor i Austrheim kommune

### Administrativt vedtak. Saknr: 058/23

Vi syner til skriv frå landbrukskontoret datert den 25.05.2023. Vedlagt ligg saksutgreiing konsesjonsak i Austrheim handsama av felles landbrukskontor. Me ber om at Austrheim kommune sender ut vedtaket på sitt sakspapir.

### Vedtak

Austrheim kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Jan Olav Øksnes og Camilla Helle Soltveit for overtaking av gbnr 160/3 og 39 i Austrheim. Den avtala kjøpesummen er på kr. 2.200 000.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga over. Vedtaket vert sendt over til avdeling for plan, bygg, oppmåling og miljø for føring i matrikkelen. Søkjarane vil få melding når dette er gjort og skøytet kan sendast til tinglysing.

### Saksutgreiing:

#### Saka gjeld

Sambuarparet Jan Olav Øksnes og Camilla Helle Soltveit søker konsesjon for overtaking av gbnr 160/3 og 39 i Austrheim. Den avtala kjøpesummen er på kr. 2 200 000. Tidlegare eigar er Håkon Øksnes.

Føremålet med kjøpet er å busetja seg på garden og på sikt setja i gang med husdyrdrift. Nær familie har hatt garden i mange år og i dag er jordbruksareala brukt til beite av onkel til kjøpar, dei har erfaring frå gardsdrift frå barndommen, men har i vaksen alder holdt på med vedhogst og



hjelpt onkel og andre i familien med gardsarbeid og dyrehold. Dei vil først setja i stand huset slik at dei kan flytta dit. Dei har planar om grøfting av jordbruksarealet og etter kvart starta opp med husdyrdrift.

### **Fakta om bruket**

Planstatus: Konesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde).

Gardskart Nibio syner at bruket gbnr 160/3 er registrert med 8,1 daa overflatedyrka, 11 daa innmarksbeite, 26,7 daa produktiv skog, 47,7 daa anna markslag og 5,3 daa er bebygd/samferdsel. Sum eigedom 98,9 daa. I tillegg skal dei overta gbnr 160/39 som er registrert med 4,6 daa innmarksbeite, 3,6 daa produktiv skog, 0,1 daa anna markslag. Sum eigedom er 8,4 daa.

Desse to bruksnumra vil verta rekna som ei driftseining etter jordlova når dei er på same eigarhand. Det er bustadhus bygd i 1895 i middels stand, og uthus bygd om lag 1920 i dårleg stand. Garasje bygd i 1980 og reiskap bod i 1995 vert opplyst vera i middels stand. Eigedomen er konsesjonspliktig då det samla arealet er over 100 daa. Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå kommunedirektøren. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

### **VURDERING:**

Søknaden er handsama av felles landbrukskontor på vegne av Austrheim kommune. Søknaden er vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet.

*Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.*

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkerar:

#### *1. om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling*

Det går fram av rundskriv M1/2021 frå Landbruks- og matdepartementet at bebygde landbrukseigedomar som har mindre enn 35 daa fulldyrka eller overflatedyrka jord og skal nyttast til landbruksføremål ikkje skal prisvurderast. Denne eigedomen fell inn under dette.

#### *2. om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i området*

Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 100 daa. Den har mindre enn 35 daa fulldyrka og overflatedyrka, og er difor ein eigedom som ikkje har lovbestemt buplikt. Det er positivt at søkerane vil busetja seg der, men i tråd med gjeldande forvaltningspraksis vert det ikkje sett vilkår om buplikt.

#### *3. om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing*

Eigedomen har begrensa jord og skogressursar. Det er positivt at søkerane ynskjer å bruka ressursane til, på sikt, å setja i gang drift. Kommunedirektøren vurderer at overtakinga vil gje ei driftsmessig god løysing.

Frå 01. juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan eitt år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet.

4. om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen.

Dei har praktisk erfaring frå landbruket og mange i slekta som driv gard som kan hjelpa dei. Kommunedirektøren vurderer dei som skikka til å drive eigedomen.

5. Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Ressursane skal disponerast på ein slik måte at produksjonsevne og utnyttingsevne vert teke vare på.

Søklarane gjev inntrykk av å ha både interesse og kunnskap til å ivareta både produksjonsevna og kulturlandskapet på bruket. Kommunedirektøren vurderer at overtaking vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

### **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering vert konsesjon innvilga som omsøkt.

### **Regelverk**

- konsesjonslova
- rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### **Alf Kvant**

#### **Mottakere:**

|                        |                |      |           |
|------------------------|----------------|------|-----------|
| Alver kommune          | Postboks 4     | 5906 | FREKHAUG  |
| Camilla Helle Soltveit | Øksnesvegen 86 | 5943 | Austrheim |
| Jan Olav Øksnes        | Øksnesvegen 86 | 5943 | Austrheim |